

Hobbyklubben 10 år denne månaden

26.08.2015



Denne månaden er det 10 år sidan Hobbyklubben i Bedehuset starta og programmet for hausten vert no førebudd. Den første aktivitetskvelden er 31. august og den neste 14. september. Som før er det treff i klubben på måndagane frå 19 til 20.30 og klubben er for dei som går i 5. klasse og oppover utan øvre grense.

Denne hausten vert det hobbygruppe utan at det førebels er klart kva for hobbyar det vil verta satsa på. Tidlegare har ein til dømes laga bunadsbelte. Matgruppe vert det heilt sikkert og i år kjem tradisjonsmat i fokus.

Avisgruppa vert omdøypt til mediagruppe for å favna litt vidare og det vert ei gruppe med brettspel som tema.

Under den fyrste kvelden dtår 3 b-ar i fokus. BINGO, BOLLAR OG BRUS! Den viktigaste oppgåva vert å bestemma kven som skal sysla med kva.....

Biletet over vart teke ein sesong då refleksbruk var i fokus.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen